



Arkivnr: 2014/43-6
Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		
Fylkesutvalet		

Tilskotsordninga for kollektivtransport i distrikta - søknad om tilskot for 2014

Samandrag

Fylkeskommunen er invitert til å søkje om midlar frå den statlege tilskotsordninga for kollektivtransport i distrikta (KID-ordninga). Slike midlar er motteke kvart år sidan 2008. I saka vert innspel i saka vurdert i lys av intensjonen med KID-ordninga og KID-prosjekta som er i gong. Fylkesrådmannen rår til at sistnemnde vert gjeve førsteprioritet i søknaden, og at det i tillegg vert søkt om tilskot til nye prosjekt.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner at det vert søkt om tilskot for 2014 frå Tilskotsordninga for kollektivtransport i distrikta i følgjande prioriteringsrekkefølge:

Prosjekt/prosjektgruppe	Statleg tilskot
1. Pågåande KID-prosjekt.	3 020 000
2. Nye KID-prosjekt.	390 000
Sum	3 410 000

Prioriteringa innan prosjektgruppene skal vere lik den i sakframstillinga.

2. Fylkesutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele det statlege tilskotet mellom prosjekta.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at sak om fylkeskommunal eigendel vert lagt fram når den statlege tildelinga er kjend.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 27.01.2014

Bakgrunn

Stortinget har sidan 2008 løyvd øyremerka midlar til *Tilskotsordninga for kollektivtransporten i distrikta* ('KID'). Fylkeskommunen har kvart år – etter søknad - motteke KID-midlar, og er i brev av 19.12.13 frå Samferdselsdepartementet (SD) på ny invitert til å søkje om midlar. For å sikre høvet til å få KID-midlar for 2014, vil fylkesrådmannen innan søknadsfristen 15.02.14 sende søknad til SD, der saksframlegget blir vedlagt, og der det blir teke atterhald om at fylkesutvalet kan endre søknaden.

Saksopplysningar

Om KID-ordninga

Føremålet og retningslinene for prioritering av søknader om KID-midlar er i utdrag følgjande:

"Formålet med ordningen er på kort sikt å stimulere til gjennomføring av tiltak for bedre organisering av offentlig transport i distriktene på tvers av sektorgrensar og/eller forvaltningsnivåer, og på lang sikt gjennomføring av strukturelle kollektivtiltak som bidrar til økt livskvalitet og bolyst i spredt bebygde områder.

[...]

KID prioriterer gjennomføring av prosjekter som utnytter de virkemidlar som allerede har vist seg å gi gode resultat for reisende med kollektivtransport, og særlig tiltak for bedre linje- og bestillingstrafikk med gode knutepunkter. Prosjekter det søkes om midlar om må imøtekomme følgjande krav:

- Økt mobilitet [...].
- *Innretting – [...] ha en innretting i samsvar med prinsippene angitt i TØI-rapport 887/2007 "Betre kollektivtransport i distriktene" [...].*
- *Stabil gjennomføring - Etter at prosjektet er gjennomført, skal det kunne bestå utan krav om fortsatte statlige tilskudd [...].*

De av prosjektene som etter departementets vurdering best sannsynleggjør mulighet for å oppnå gode resultat innanfor rammene av pkt. 2 og 5 [føremålet og retningslinene] vil bli prioritert. Det samme gjelder prosjekter tilknyttet kommuner i sone III og IV i "Det distriktspolitiske virkeområdet [...]. Ikke alle som søker er garantert å få tildelt midlar."

Eit KID-prosjekt kan få statleg tilskot i inntil 3 år. For å få KID-midlar må ein lokalt bidra med ein eigendel lik den statlege løyvinga. Med 'lokalt' meiner SD eitkvart organ eller verksemd i fylket. Midlane vert forvalta av fylkeskommunen. KID-midlane er overførbare. Ettersom tildelingsbeløpa vert kunngjort i andre tertial året søknadene gjeld, vert den tildelte råma nytta over 2 år.

KID-prosjekt i Hordaland i 2013

For 2013 blei det søkt om større tilskot frå ordninga enn tidlegare år. I samband med fleire større aktuelle prosjekt, blei det for 2013 gjort følgjande vedtak i møte i fylkesutvalet 31.01.13:

- «1. Fylkesutvalet godkjenner at det vert søkt om tilskot for 2013 frå Tilskotsordninga for kollektivtransport i distrikta i følgjande prioriteringsrekkefølgje:

Prosjekt/prosjektgruppe	Statleg tilskot
1. Kollektivpakke Jondalstunnelen.	4 000 000
2. Pilotprosjekt nytt fleksibelt ruteopplegg i Hardanger og Voss.	3 300 000
3. Kollektivterminal Austevoll ungdomsskule.	2 250 000
4. Lokale KID-prosjekt med kommunal eigendel.	965 000
5. Lokale KID-prosjekt utan kommunal eigendel.	405 000
Sum	10 920 000

Prioriteringa av punkt 4 og 5 går fram av saksframstillinga.

2. Fylkesutvalet legg til grunn at sak om fylkeskommunal eigendel vert lagt fram når den statlege tildelinga er kjend.

Fylkeskommunen fekk ikkje tildelt midlar til prosjekt 1 og 3. Fylkesrådmannen har via media registrert uttale frå SD om at KID-ordninga ikkje lenger skal finansiere infrastrukturtiltak. Ein anbudsprosess for prosjekt 1 er likevel i gong, og prosjekt 3 er i drift. Desse tiltaka vert gjennomført for fylkeskommunale midlar utanfor KID-ordninga.

Til prosjekt 2, 4 og 5 blei det tildelt 3,25 mill kr av den dåverande statlege ramma til KID-ordninga på 22 mill kr. Beløpet som blei tildelt fylkeskommunen var høgare enn tidlegare år, men ettersom det var søkt om 4,67 mill kr til dei aktuelle prosjekta, var tilskotet ikkje stort nok til å fullfinansiere desse.

I 2013 er det nytta følgjande statlege midlar:

Prosjekt/prosjektgruppe	Statleg tilskot
1. Kollektivpakke Jondalstunnelen.	0
2. Pilotprosjekt nytt fleksibelt ruteopplegg i Hardanger og Voss.	1 920 000
3. Kollektivterminal Austevoll ungdomsskule.	0
4. Lokale KID-prosjekt med kommunal eigendel.	155 000
5. Lokale KID-prosjekt utan kommunal eigendel.	1 297 000
Sum	3 372 000

Differansen mellom tildelte midlar og forbruk skuldast at det er nytta overførte midlar.

Prosjektgruppe 4 består av følgjande delprosjekt som er nærmare omtalt i 2013-saka:

- Ungdomsruter i Ullensvang. Prosjektet er i hovudsak avslutta, men skibussruta Odda – Røldal hadde oppstart i desember 2012, og det går framleis tingingsrute mellom Utne og Herand (- Jondal).
- Skibussrute (Ulvik -) Granvin – Voss.
- Samordningsrute i Jondal (Jondal – Krossdalen).
- Ungdomsruter til/frå Fusa (Hatvik – Osøyro).
- Ungdomsrute i Masfjorden (Andås – Andvikgrend).

Prosjektgruppe 5 består av følgjande delprosjekt som også er omtalt i saka:

- Kommunale transporttenester i Sund.
- Servicebuss i Øygarden.

Det er også sett av 2013-midlar til servicebuss og ungdomsruter i Fjell, og samordna ruter i Austrheim i 2014.

Prosjekta i Hardanger, Voss og Masfjorden finn stad i fylkeskommunen sin regi. Dei andre vert drifta lokalt av dei einskilde kommunane. Alle prosjekta følgjer oppsett framdrift. Det er for tidleg å trekkje konklusjonar om effektar av prosjekta, men det er ikkje registrert trendsifte i høve til det som er omtalt i 2013-saka.

I revidert statsbudsjett for 2014 er den statlege ramma for KID-ordninga 18 mill kr.

Høyring

I brev av 18.11.13 er kommunane, helseføretaka, NAV, Hordaland barne- og ungdomsråd, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, Fylkeseldrerådet i Hordaland og Ungdommens fylkesutval invitert til å kome med innspel i saka. Følgjande fråsegner har kome inn:

I brev av 03.12.13 frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) heiter det:

«Rådet [...] er positiv til tiltaket og sett pris på å få moglegheit til å uttale seg i saka. Rådet ber om at tiltak som fremjer universell utforming vert prioritert.»

I brev av 23.12.13 frå Jondal kommune heiter det m.a følgjande:

«Vi vil be om at opplegget med ei bussrute mellom Jondal og Krossdalen med avgangstid kl 16.00 vert vidareført og for 2014. I høve til føremålet med ordninga oppfyller denne søknaden krava som vert stilt på ein god måte. [...] Erfaringane frå den perioden ordninga har vore i bruk er frå brukarane sin synstad svært gode.

Vi ønskjer i tillegg å koma med innspel til ei ny rute mellom Odda og Jondal som korresponderar med skibussen til Folgefonna om sommaren.»

I brev av 03.01.14 frå Masfjorden kommune heiter det m.a følgjande:

«Prosjektet [Ungdomsruter i Masfjorden] kom i gang i august 2012, og vi vil no søkja om at det blir forlenga. I søknadene frå januar 2012 og januar 2013 hadde vi og med eit punkt om at tingsruta frå Andås vegkryss til Masfjordnes vart forlenga vidare med ferja til Duesund og bil til Hosteland/Risnes/Haugsdal. Det er ikkje sett i verk, og vi søker hermed om at det vert sett igang tingsrute og på denne strekninga frå august 2014. Per i dag korresponderer tingsruta med ferja frå Masfjordnes til Duesund, men det bør i tillegg vere mogleg å tinge bil frå Duesund.

[...] Transport er vanskeleg for fleire av aldersgruppene i kommunen og me ønskjer difor å satse meir på dette.»

I brev av 03.01.14 frå Sund kommune heiter det m.a følgjande:

«Sund kommune ynskjer å fremje kommunen si Transportteneste som tiltak for 2014, ei teneste som også omfattar Servicebussen. Sund kommune er kjend med at det skal leggjast til grunn at 50% av kostnadane skal dekkjast av kommunen [...].»

For å vidareutvikla tenesta frå å vere ei teneste som yter service til den kommunale organisasjonen vil vi organisere transporttenesta som eit prosjekt med ein klar prosjekteigar. [...]

Prosjektet vil sjå på korleis ein skal leggja til rette for at innbyggjarane i Sund kommune kan nytta den kommunale transporttenesta som eit supplement til anna offentleg transport. [...]

Ein vil sjå på kva som kan vere aktuelt å samarbeide med helseføretak om, kan det vere aktuelt å transportere pasientar til og frå intermedieært senter på Straume? Lokalt legesenter er ein annan aktør ein vil søkja samarbeid med og då på pasienttransport til og frå. Andre som det vil vere naturleg å søkje

samarbeid med eller som diskusjonspartar er: Eldrerådet, Ungdomsrådet, Rådet for menneskjer med nedsett funksjonsevne, Kulturetaten, Drivar av asylmottaket i kommunen, Idrettsrådet.

Alle prosjekt som vert sett i gang i Sund kommune skal leggast opp etter prosjektmetoden PLP, det vil også gjelde dette prosjektet.»

Horisonten i Sund kommune sin prosjektplan er 2017. Kommunen legg opp til sjølve å bidra med drygt kr 500 000 kvart år. Søknadsbeløpet er kr 200 000 pr år. Kommunen er den einaste som har signalisert delfinansiering av, og medverknad i KID-prosjekt i 2014.

I brev av 03.01.14 frå Ullensvang herad heiter det m.a følgjande:

«Ullensvang herad har tidlegare fått tilskot frå KID- ordninga for oppretting av rute knytt til treningstilbod på Hordatun på Lofthus. I samband med oppstart og avslutning av treningar har det gått ekstra rutebil innover og utover fjorden til stor glede for dei som ved hjelp av tilbodet har kunne delteke på treningane. Me søker om å vidareføra dette positive tilbodet. Gjennom oppretthalding av tilbodet reknar me med at det vil verta endå fleire brukarar, sidan det alltid tek noko tid å innarbeida slike ordningar.

[...] Ullensvang herad har i over 20 år hatt eit statleg asylmottak i Kinsarvik, i tillegg tek heradet imot 15 flyktningar kvart år. Gjennom desse tiltaka kjem det mange born og ungdomar frå ulike land og kulturar til området, og det er særdeles viktig at desse vert integrert inn i lokalmiljøet på ein god måte. Me har god erfaring med å bruka idrettsmiljøet i denne integreringa, og krøllgrasbanen på Hordatun er viktig i dette arbeidet. Utfordringa er at svært få av desse familieane disponerer bil, noko som gjer det vanskeleg for deira born/ungdomar å ta del i idrettsaktivitetane på lik line med dei lokale.

I tillegg har me eit sterkt ynskje å utvida tilbodet til vestsida av fjorden, der det på Skotamyre idrettsanlegg er felles fotballtreningar for born og unge [...].

Som kjend er kollektivtilbodet på vestsida redusert i samband med omlegging av gjennomgangsruter, så behovet for ei slik ordning er stor. Me vil difor be om at det vert oppretta ei tilsvarande ordning på vestsida knytt til aktiviteten på Skotamyre.»

Skyss har motteke oppmoding frå Austevoll kommune om at fylkeskommunen søker om KID- midlar til ein ekstra rundtur pr veke med lokalbåtruta mellom Huftharøy, Møkster, Litlakalsøy og Lundøy. Innbyggjarane på øyane kjenner seg avstengde frå resten av samfunnet i tidsrommet 08.45 – 13.45 alle dagar unnateke onsdagar, noko som gjer det utfordrande å kome seg til/frå teneste- og handelstilbod. Prosjektet er oppgitt å ha ein estimert kostnad på kr 360.000 pr år.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Rådande fagkunne tilseier at det først er seks månader etter at eit kollektivdriftforsøk er i gong, at ein kan ta til med pålitelege målingar av effektar, slik KID-ordninga legg opp til. Det peikar i retning av at pågåande prosjekt bør prioriterast i søknaden om KID-midlar for 2014. Med 'pågåande prosjekt' meiner fylkesrådmannen her prosjekt som er forbi førebuingssfasen. KID-prosjekta som er i gong i Hordaland i dag er godkjende av SD som KID-prosjekt, og har kome i gong ved hjelp av statleg tilskot. Både kommunane Jondal, Masfjorden og Sund ber i sine fråsegner om at prosjekta der vert vidareførte.

Fylkesrådmannen vil peike på at KID-ordninga er ei forsøksordning, ikkje ei ordning for auka tilskot til ordinær ruteproduksjon. Sistnemnde vert som kjent finansiert over Skyss sitt budsjett for dette. Dette momentet vil vere ein viktig premiss i fylkesrådmannen si tilråding til av i kva rekkjefølgje dei aktuelle prosjekta bør prioriterast

I si drift og utvikling av kollektivtransporten i Hordaland vert alle lovpålagte krav til universell utforming teke til følgje. Innanfor KID-ordninga er det framleis fleire prosjekt som er særskilt retta mot personar med nedsett funksjonsevne. Fylkesrådmannen legg såleis til grunn at RMNF sitt ønskje om å prioritere tiltak som fremjar universell utforming er ivareteke.

Fylkesrådmannen har merka seg at det er 4 av kommunane i fylket som har gjeve innspel til søknaden om tilskot frå tilskotsordninga for kollektivtransport i distrikta, i tillegg til fråsegna frå RMNF.

Vurdering

Fylkesrådmannen finn, på grunnlag av ovannemnde, at det er turvande å prioritere ei fullføring av pågåande prosjekt for at ein – i samsvar med intensjonen med KID-ordninga – kan hauste nye erfaringar. Dette er ikkje minst viktig for pilotprosjektet i Hardanger/Voss, der tingingsrutene kom i gong 1. januar i år. Det er budsjettert med eit statleg tilskot på kr 2,57 mill til dette prosjektet i komande prosjektperiode.

Fylkesrådmannen finn det også viktig å stø opp om dei pågåande KID-prosjekta som har kommunal delfinansiering. Sund kommune har bidrege med midlar sidan 2008, og vil gjere det i alle fall til 2017. Kommunen har, etter det fylkesrådmannen har erfart, arbeidd målretta med å utforme prosjekt med god forankring i retningslinene for KID-ordninga. Det pågåande prosjektet der er ei utvikling av prosjektet som blei gjennomført i kommunen frå 2009 til 2012.

Kommunane Austrheim, Fjell og Øygarden, som bidrog med eigne midlar i 2013, har ikkje kome med søknad ved dette høvet. Fylkesrådmannen legg til grunn at overførte midlar frå 2013 vil finansiere drift av prosjekta i desse kommunane i år.

Innafor gruppa 'pågåande KID-prosjekt', gjer fylkesrådmannen, på grunnlag av ovannemnde, framlegg til følgjande prioritering:

Prosjekt	Kommunalt tilskot	Fylkeskommunalt tilskot	Statleg tilskot	Samla prosjekttilskot
1. Pilotprosjekt nytt fleksibelt ruteopplegg i Hardanger og Voss.	0	2 570 000	2 570 000	5 140 000
2. Samordna fleksible ruter i Sund.	509 000	0	200 000	709 000
3. Samordningsrute i Jondal.	0	70 000	70 000	140 000
4. Ungdomsruter i Granvin.	0	82 000	82 000	164 000
5. Ungdomsruter i Masfjorden.	0	98 000	98 000	196 000
Sum	509 000	2 820 000	3 020 000	6 349 000

Dette er den same prioriteringsrekkefølga som fylkesutvalet vedtok i samband med 2013-søknaden. Beløpa er noko justerte for den planlagde framdrifta i dei ein skilde prosjekta.

I tillegg til å få vidareført dei pågåande prosjekta, er det ønskeleg å følgje opp dei innspela til nye prosjekt som kom inn i høyringsrunden. I lys av det som er nemnd tidlegare, er det fylkesrådmannen si tilråding at dette vert prioritert etter vidare-/fullføring av pågåande prosjekt.

I prioriteringa mellom dei nye innspela rår eg til at ein set øvst dei prosjekta som i størst grad synast å oppfylle SD sine føremål med KID-ordninga. Etter fylkesrådmannen si vurdering vil det gje følgjande prioriteringsliste innafor gruppa 'nye KID-prosjekt':

Prosjekt	Kommunalt tilskot	Fylkeskommunalt tilskot	Statleg tilskot	Samla prosjekttilskot
1. Ungdomsruter i Masfjorden – tilbringarrute frå Duesundøy.	0	30 000	30 000	60 000
2. Idrettsrute i Ullensvang.	0	110 000	110 000	220 000
3. Skibuss Odda - Jondal.	0	70 000	70 000	140 000
4. Lokalbåtruta i Austevoll – utvida ruteproduksjon.	0	180 000	180 000	360 000
Sum	0	390 000	390 000	780 000

Dei pågåande prosjekta som ikkje er teke med her, vil få stønad i form av overførte midlar, når dei sender inn rapport for 2013 og framdriftsplan. Det kan vere aktuelt å søkje om 2015-midlar til desse prosjekta.